



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref
BSK/inv

Vår ref
21/3534-

Dato
2. november 2021

**Representantforslag 8:2 L (2021-2022) fra stortingsrepresentantene
Freddy Andre Øvstegård, Kari Elisabeth Kaski, Lars Haltbrekken, Kirsti
Bergstø, Torgeir Knag Fylkesnes, Kathy Lie, Andreas Sjalg Unneland,
Grete Wold og Birgit Oline Kjerstad**

Eg viser til brev av 21. oktober 2021 der arbeids- og sosialkomiteén ber om mi vurdering av forslag i dokument 8:2 L (2021-2022) frå stortingsrepresentantane Freddy Andre Øvstegård, Kari Elisabeth Kaski, Lars Haltbrekken, Kirsti Bergstø, Torgeir Knag Fylkesnes, Kathy Lie, Andreas Sjalg Unneland, Grete Wold og Birgit Oline Kjerstad - *Gjenopprettelse av kompensasjonsordningen for selvstendig næringsdrivende og frilansere*.

Representantane viser til at den mellombelse loven som ga sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar kompensasjon for inntektsbortfall som følgje av pandemien, blei oppheva 1. oktober 2021. Sjølv om samfunnet er gjenopna, er det mange i denne gruppa som enno ikkje er attende i normal drift, slik at dei framleis treng den inntektssikringa som loven ga heimel for. Representantane viser også til at dei fryktar at mykje god kompetanse vil bli borte frå dei bransjane som særleg er råka, utan denne inntektssikringa. Dei fremjar difor forslag om å vedta ei ny, mellombels lov som svarar til den lova som nyleg er oppheva, og som skal gjelde fram til 1. januar 2022.

Eg viser til at regjeringa allereie 22. oktober 2021 har fremja eit tilsvarande forslag om ei ny, mellombels lov, sjå Prop. 7 LS (2021-2022) Midlertidig lov om kompensasjonstytelse for selvstendig næringsdrivende og frilansere som har mistet inntekt som følge av utbrudd av covid-19 og endringer i statsbudsjettet 2021 under Arbeids- og sosialdepartementet (økonomiske tiltak i møte med pandemien: kompensasjonstytelse for selvstendig næringsdrivende og frilansere, permittering, dagpenger, omsorgspenger og arbeidsavklaringspenger).

Med helsing

A handwritten signature in blue ink. The signature consists of a large, stylized initial 'H' that loops around the first part of the name. The name 'Hadia Tajik' is written in a cursive script. 'Hadia' is written above 'Tajik', and the 'H' of 'Hadia' is integrated into the large initial 'H'.

Hadia Tajik